



I løpet av dagen har det kome inn mange nye gjenstandar til Martabu på Sanden og omrisset av eit mini-museum teiknar seg.

Det store innrykket av besøkjande har enno ikkje kome, men atskillige har vore innom og kikka, fortel vertskapet. Dei oppmodar folk om å komma med minne frå den aktuelle tida like etter krigen.

- Vi tek imot alt, er oppmodinga.



Ein av dei som har stilt ting til disposisjon er Lises Krambu, som ikkje får ein konkurrent men eit supplement på Sanden. Det blir sjølvstakt ikkje aktuelt å selgja gamle gjenstandar i mini-museet. Her blir det utstilling og fri mimring over den tida som var.

Utvalet tek allereie til å bli allsidig. Her kan ein finne både emballasje til Primula ost og trepluggar for skomakarbruk. Pluggane er forresten å finna i ei snusdåse frå

Langaard. Utstyr for barbering finn ein også, likeeins Noregsglas og flaskar til ymse bruk.

Kjøkenutstyr har det også kome inn ganske mykje av.

Eit radioapparat i hjørnet bringer og fram kjære minne om tida før TV-alderen.

Men dette er slett ikkje berre ein mimrestad, det er og eit lite turistkontor der dei har brosjyrar og anna trykt materiell som fortel om Uskedalen av i dag og tilbodet vårt.

Martabu kan bli eit knutepunkt mellom tidsaldrar og generasjonar.

Tekst og foto: Ola Matti Mathisen.